

Behandling i Fylkesutvalet - 22.09.2014

Oddbjørn Vatne (SP) fremma følgjande forslag:

«Møre og Romsdal går mot kapasitetsauke i lakse-og aureoppdrett i 2015. Det er påvist at stor lakseluskonsentrasjon i oppdrettsanlegga har stor negativ påverknad på villfisken. Lakselusproblema på villfisken har vore sterkt aukande. Eigarane må dokumentere reduksjon og kontroll av lakselusproblemet i oppdrettsanlegga før evt. kapasitetsauke.»

Toril Melheim Strand (AP) fremma følgjande forslag til nytt punkt:

"Med bakgrunn i den negative påverknaden lakselusa har på villaksen, krev Møre og Romsdal Fylkeskommune at konsesjonseigarane må dokumentere nedgang i samsvar med krava i lakseluskonsentrasjon før dei kan sette i verk 5%-auken i anlegga."

Votering:

Det vart votert alternativt mellom forslag fremma av Oddbjørn Vatne (SP) og tilrådinga frå fylkesrådmannen. Fylkesrådmannen si tilråding fekk 11 røyster og vart vedtatt. Forslag fremma av Oddbjørn Vatne (SP) fekk 1 røyst og falt.

Forslag fremma av Toril Melheim Strand (AP) vart vedteke med 7 mot 5 røyster (H, Frp)

Vedtak i Fylkesutvalet - 22.09.2014

- 1 Møre og Romsdal støttar forslaget til forskrift om kapasitetsauke i lakse- og aureoppdrett i 2015, men meiner at ved tredje brot på forskrifta må biomasseauken trekkast tilbake.
- 2 Vederlaget for biomasseauke bør tilfalle lokalsamfunnet, derav 75 % til vertskommunane og 25 % til fylkeskommunane.
- 3 Med bakgrunn i den negative påverknaden lakselusa har på villaksen, krev Møre og Romsdal Fylkeskommune at konsesjonseigarane må dokumentere nedgang i samsvar med krava i lakseluskonsentrasjon før dei kan sette i verk 5%-auken i anlegga.